



Helse Førde Hf  
Postboks 1000  
6807 FØRDE

**Vår ref.:**  
20/4171 - 2 / IRSI

**Dykkar ref.:**  
2020/2871 - 14004/2020

**Dato:**  
19.04.2020

## **Svar frå Kinn kommune - Høyringsbrev revisjon av strategi for Forsking og Innovasjon i Helse Førde**

Viser til høyringsbrev revisjon av strategi for Forsking og Innovasjon i Helse Førde. Kinn kommune vil kome med følgjande innspel:

Kinn kommune ser positivt på at kommunane blir involvert i strategien. Innspela våre gjeld hovudsakleg mål 4 i strategien: Utvikle forskingssamarbeid med kommunar.

Det er generelt få kommunalt tilsette med PhD. Kvardagen i dei kommunale tenestane gjer til at ein i lita grad kan frigjere tilsette til å drive med innovasjonsforskning. Men i høve mastergradsløp, så har det vore samarbeid der ein brukar tilsette på sjukehuset som informantar og omvendt. Sidan ein definerer forskning som systematisk vitenskapleg kunnskapsdanning, antek vi at dersom ein skal vere med i eit prosjekt og søkje midlar til PhD, må ein ha master frå før og dermed forskingskompetanse. Dette gjeld hovudsakleg leiarar i vårt tilfelle.

Det er aktuelt for Kinn kommune å delta i prosjekt som vert leia av HF sitt kompetansemiljø, gjerne i eit samarbeid med Sunnfjord kommune. Vi er i lag om mange prosjekt, som rett nok ikkje er forskingsbaserte. Kinn kommune ønskjer å utvikle seg til ein endå meir innovativ kommune. Det er då viktig at ein legg til rette for prosjekt som vi kan sjå nytten av.

Vi har ikkje definert noko aktuelt prosjekt, men generelt kan ein seie at auken i tal eldre vil vere den største utfordringa for kommunen framover, med hovudfokus på korleis dei kan hjelpast til å bli mest mogleg sjølvhjulpne.

Helsing

Irene Sivertsen  
arkivleiar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

**Kopi til**  
Kristin Maurstad  
Norunn Stavø